**bt.no/meninger:** Her finner du lederartikler, kronikker, kommentarer og leserdebatt.

**Alle norske universitet har ikledd seg blåfargen. Det blåaste av dei alle, Universitetet i Bergen, risikerer å bli akterutsegla.**

# Havland utan fyrtårn



**kommentar**

asbjørn.kristoffersen@bt.no
Asbjørn Kristoffersen er journalist i BT

– Eg forstår ikkje at ikkje Bergen skaffar seg eit marint fyrtårn, seier tidlegare næringsminister Ansgar Gabrielsen (H), no ansvarleg for organisasjonen Helhetlig Innovasjonsplan.

– Om Bergen ikkje gjer det, vil det vera ein annan by som gjer det.

Ansgar Gabrielsen serverte denne salven i ei oppsummering av storbykonferansen Marelife i Bergen i førre veke. Han etterlyste større ambisjonar på vegner av Bergen, ikkje minst samanlikna med korleis dei andre universitets- og høgskulebyar presenterte seg på konferansen.

– Det er ikkje noko anna land, ikkje nokon annan region, ingen annan by som har betre føresetnader enn Bergen, sa den tidlegare næringsministeren.

Ansgar Gabrielsen sette fingeren midt på ein av Bergens verkebyllar, og trykte til. Ingen tvilar på at Bergen har eit marint miljø i verdsklasse, både med omsyn til forskning, innovasjon og næringsutvikling. Spørsmålet er korleis byen kan ta vare på og vidareutvikla denne posisjonen. Det mest opplagte svaret er betre samordning av dei ulike miljøa, med ei samling i forskningsparken på Marineholmen. Inntil det skjer, risikerer Bergen å tæra på sine tidlegare og noverande ressursar, og tapa i konkurransen mot meir offensive byar og regionar, nasjonalt og internasjonalt.



**TRØNDERSK FYRTÅRN:** *Dette er eit glimt av det trønderske fyrtårnet Ocean Space Centre. Biletet viser den havbaserte delen av senteret, slik arkitektkontoret Snøhetta ser det for seg. I forgrunnen står prosjektleiar Atle Minsaas (t.h.) og fylkesordfører Tore Sandvik.*

FOTO: GLEN MUSK, ADRESSEAVISEN

**DET MANGLAR IKKJE** på nasjonale ambisjonar. Norske byar har teke mål av seg til å samarbeida på ein ny og forpliktande måte slik at Noreg skal ta vare på sin leiande posisjon i marine næringar, produktutvikling og kompetanse, som det heiter i fellesdokumentet Havlandet Norge. «Utgangspunktet er fantastisk», blir det slått fast. Og regjeringa brukar ikkje mindre ord: «Noreg skal vera verdas fremste sjømatnasjon», ifølgje Soria Moria 2.

Kvar for seg har alle dei deltakande byane, Tromsø, Bodø, Ålesund, Trondheim, Stavanger, Kristiansand, Oslo og Bergen sterke marine miljø. Til saman dannar dei ei såkalla klynge som plasserer Noreg i verdstoppen, ein overmåte sjeldan posisjon for kongeriket. Men også ei posisjon det er sterk konkurranse om. Tidlegare administrasjonsminister, professor ved NHH, Victor Norman (H), meiner det trengst eit biomarint fond i storleiksorden 50 milliardar kroner til å styrkja og vidareutvikla Havlandet Noregs posisjon. Denne kapitalen vil han henta frå oljeformuen, frå pensjonsfondet.

> *Presentasjonen av bergensmiljøet på denne konferansen var utan vyar*

Bergens styrke – og veikskap – som Noregs blåaste by er at alle segment innanfor marin sektor står sterkt sjølv utan noka tettare og meir forpliktande samordning. – Vi har det for godt, seier en forskar, som vil vera anonym. – Vi får dei midlane vil treng til det vi held på med kvar for oss, og vi vil ikkje dela med andre.

**LANGT INN I REGJERINGA** rår det ei oppfatning av at Universitetet i Bergen bør satsa meir på marin forskning. Men rektor Sigmund Grønmo vil ikkje vita av for sterk blåfarge. «Selv om det marine satsingsområdet er stort og sterkt, er ikkje slike betegnesler dekkende for et universitet med så stor bredde og så stort mangfold som UiB», heiter det i eit debattinnlegg i Bergens Tidende.

Den viktigaste oppskrifta for utvikling av ein innovativ og konkurransedyktig region er då også at naud lærer naken kjerring å spinna. Bergen lid inga naud, nakne kjerringar er ingen stad å sjå i det marine miljøet, det er ikkje tvingande naudsynt å læra seg å spinna.

Heller ikkje dei andre suksesskriteria, slik dei er formulerte av den nederlandske forskaren Fabian Zuleeg, er opplagte for Bergen. Som første punkt listar han opp politisk leiing, dinest prioriteringsvilje, til dømes ved å sikra at nivået på investeringane blir oppretthalde, også i krisetider. I tillegg meiner han det er naudsynt med ein framtidsretta og langsiktig visjon om kvar regionen ønskjer å koma.

Det var denne oppskrifta som vart brukt av den nederlandske byen Eindhoven. På eit par tiår har denne byen gått frå sjokkarta tap av arbeidsplassar til å bli ein av Europas mest vellykka regionar. 36 prosent av dei nederlandske midlane til forskning og utvikling blir no brukt i Eindhoven-området, der byen har 212 000 innbyggjarar og der det bur 725 000 personar i heile regionen.

**UTAN NAUD,** utan sterk politisk leiarskap, med svake visjonar, men med eit miljø som førebels er å finna i verdsklassen, må Bergen finna ei oppskrift for ikkje å bli utkonkurrert.

Ein del av oppskrifta frå Eindhoven bør likevel takast i bruk: Open forskningsmodell, som inneber å dela forskningsresultat, og eit samarbeid med andre miljø og føretak for å utvikla nye produkt. I forskningsparken i Eindhoven blir folk pådytta samvær: Ingen av dei om lag 90 høgteknologibedriftene har lov til å ha eiga kantine. Rektor ved Universitetet i Bergen burde føla seg kalla til å gjera noko av det same; skapa eit drivhus for utvikling av kompetanse, på tvers av formelle strukturar.

På konferansen i Bergen presenterte Trondheim ein ambisjon om å byggja det dei kallar Ocean Space Centre, eit marineteknisk kunnskapssenter, ein «opera» som kan kosta to eller ti milliardar kroner å realisera. Presentasjonen av bergensmiljøet på denne konferansen var utan vyar, og kunne knapt vekkja noka merksemd blant ikkje-fagfolk.

Om det skal bli eit marint fyrtårn i Bergen, må kanskje Ansgar Gabrielsen sjølv byggja det. Elles får kanskje ikkje byen så mykje som eit minifyrtårn i form av ein felles forskningspark på Marineholmen for Universitetet og Havforskningsinsituttet. Med eller utan felles kantine for alle forskarane.

## DAGENS AVIS

Det renner ord ut av henne. På behagelig, velklingende bergensk



**KOMMENTATOR STEIN AABØ, DAGBLADET**

Du får et kamera i ansiktet og blir intervjuet av en komiker med mikrofon



**MEDIEFORSKER LARS NYRE ADVARER FORSKERE, DN**

De rødgrønne har en dyp mistro til næringslivet, men er fullstendig blind for korrupsjonsfaren i offentlig sektor



**ELIN ØRJASÆTER, E 24**

**MINISTERNE STILTE** med sine bredeste glis da åpningen av Bybanen skulle feires. Nå viser det seg at staten bidrar med langt mindre til regningen enn det som var lovet. Lisbeth Iversen sammenligner det med å stikke fra restaurantregningen. Les mer om Bybanen på side 4–6.

**LIV GRIMSBØ, UTGAVESJEF**